


Mellomila 29

Transformasjon og vern
på bygningar sine premissar



Prosjekthefte

Signe Elvik Svoen, NTNU

DIPLOMOPPGÅVE

Vår 2020

Signe Elvik Svoen

NTNU

Fakultet for arkitektur og design

Institutt for arkitektur og teknologi

Rettleiar: Nina Katrine Haarsaker, Universitetslektor

Mellomila 29

Transformasjon og vern på bygningar sine premissar

Innhold

Introduksjon

- 7 Forord
- 9 Problemstilling
- 11 Abstrakter

14 **Situasjon**

Prosjektet

- 19 Eit samskap i tre delar
- 29 Brødfabrikken
- 41 Gamle Ilen Skolehus
- 49 Gardsrommet



Forord

Dette heftet er eit udrag av ei to-delt masteroppgåve i transformasjon og bygningsvern. Del 1 av masteroppgåva er ein registreringsrapport med historisk analyse, oppmåling, bygningsbeskriving, tilstandsanalyse, verdigradering, tilrådingar og metodekritikk. Del 2 er eit prosjektheft med situasjonsanalyser, diskusjon, prosjektpresentasjon og prosessrefleksjon. Kvar seksjon av hefta er basert på dei foreløpande. For å best kunne sette seg inn i oppgåva er det derfor viktig at begge hefta lesast i sin heilskap og i kronologisk rekkefølge, begynnande med del 1.

Hefta er laga i bokform, som betyr at to og to sider skal lesast saman, med partal på vestre side og oddetal på høgre side. I tekningsmaterialet er alt som er eksisterande teikna i svart medan alt som er nytt er teikna i rødt.

Dette heftet presenterar det avsluttande designforslaget og gjev berre ei kort skildring av resten av oppgåva.



Problemstilling

Denne masteroppgåva vil utforske kva ein kan utrette om ein transformerar verna bygningar med fokus på bygningen sine premisser og verdier. I tillegg vil den undersøke korleis verna bygningar kan tene nærmiljøet på ein måte som aukar bevisstheit om og interessa for vår felles bygningsarv.

Korleis kan vi transformere verna bygningar på ein måte som både tillét moderne bruk og ivaretek umisselege verneverdier?


Kva for funksjonar er nødvendige for moderne bruk av eldre bygningar, og kva for funksjonar er forventa berre fordi vi er vande til å ha det slik?

Korleis kan behov i nærmiljøet vere med på å forme istandsetting og transformering av verna bygningar?

Masteroppgåva prøvar å undersøke og svare på desse spørsmåla ved å vurdere ulike alternativ for istandsetting og transformasjon. Basert på dette utformar den eit designforslag.

Oppgåva tar for seg bygningar på tomta Hans Nissens Gate 14 som ligg i Ila i Trondheim. Tomta består av tre bygningar - ein mursteinsgard, ein liten fabrikkbygning i mur og eit lite trehus, i tillegg til uthus og gardsrom. Hovudfokuset i oppgåva er sett på trehuset. Dette er den eldste bygningen på tomta, og var tidlegare kjent som Mellomila 29.

Som resultat av diskusjonen om istandsetting og transformasjon, vil designforslaget ta for seg eit scenario der både trehuset og den lille fabrikkbygningen, samt delar av uthusa og gardsrommet, dannar eit heilskapleg prosjekt.



Rapportabstrakt

Registreringsrapporten tar for seg registrering, oppmåling og analyser av Gamle Ilen Skole. Bygningen er ein av tre bygningar på tomta Hans Nissens gate 14, i tillegg til gardsrom og uthus. Oppmåling og registrering tar berre for seg skulen, medan den historiske analysa tar for seg heile tomta.

Bygningen blei bygd som privat bustad for skippar Mathias Schive, då under adresse Mellemihlen 29. Gjennom historia har bygningen vore hus for ei rekke ulike funksjonar, mellom anna Ihlen Friskole frå 1770 til 1839 og lager for Trondhjems Dunkefabrik frå 1900 til 1928. I dag er bygningen i bruk som privat lager og verkstad.

Registreringa og oppmålinga av bygningen avslørte nokre strukturelle utfordringar av varierende alvorsgrad. Heile bygningen har ei helning mot sør på omtrent 2°. Dette er truleg forårsaka av grunnarbeid i samband med bygginga av dei andre bygningane på tomta. Bygningen har også utfordring med ei utkragande tømmerkasse utan skikkeleg støtte i aust, og setningar rundt pipa i vest. Det siste problemet er at det er skore store opningar i tverrforbindingane. Dette har betydeleg svekka bereevna til desse veggane. Som resultat kvilar andre etasje for tungt på ytterveggane.

Rapporten tek også for seg verdivurdering av Gamle Ilen Skole, og konkluderar med at verdien av bygningen er betydeleg. Bygningen har ei unik stilling i både lokal og nasjonal skulehistorie. Huset er også av ein bygningstype ein ikkje ofte finn i Midt-Noreg. I tillegg er trebygningar av denne alderen sjeldan å finne i Trondheim, ettersom så mange gjekk tapt i dei mange bybrannane. Samla sett gjev dette stor kunnskapsverdi.

Opplevingsverdien av bygningen er prega av store kontrastar. Dette er både kontrastar i materialitet og lysforhold. I tillegg er opplevinga av alder betydeleg, med gammalt tømmer full av bygghistoriske spor. Saman skapar dette ei unik oppleving og gjev stor respekt for bygningen.

Den tredje verdien rapporten vurderar er bruksverdi. Slik bygningen nyttast i dag er bruksverdien dårleg utnytta. Planløysinga gjev høve til stor fleksibilitet, og bygningen si plassering gjev god tilgang til både friluftsliv, sjøliv og byliv. Ingen av desse eigenskapane verte utnytta med dagens bruk som privat lager og verkstad.

Registrering, oppmåling og analyser presentert i registreringsrapporten dannar grunnlaget for den vidare undersøkinga og prosjekteringa i del 2.



Prosjektabstract

Som resultat av registrering, oppmåling og analyser av Gamle Ilen Skole i del 1, har eg designa eit transformasjonsprosjekt som tar for seg tre element. Desse tre elementa er Brødfabrikken, Skolehuset og Gardsrommet.

Kvart element er designa basert på sine eigne premisser og eigenskapar, og kan i teorien brukast separat. Det er derimot først når ein brukar dei tre elementa samla at dei kan nå sitt fulle potensiale.

Fabrikken byr på eit steinovnsbakeri, kjøkken og utsalgsområde, i tillegg til eit begrensa areal til servering i andre etasje. Skolehuset supplerer ekstra serveringsareale, i tillegg til å by på rom til små intime arrangement som kurs, seminar, intimkonsert o.l.

Svalgangen til Skolehuset fasiliterar den fleksible bruken ved å gje moglegheit til å stenge av enkelte rom, utan at dette hemmar bruken av dei resterande romma. Den uklimatiserte svalgangen fungerer også som eit knutepunkt mellom dei tre elementa, og tenar som hovudsirkulasjon for prosjektet.

Gardsrommet er todelt mellom offentleg bruk knytt til Brødfabrikken og Skolehuset, og privat bruk knytt til leilegheitene i den store mur-garden. Felles for offentleg og privat bruk er uthusa.

I samband med prosjektet vert det sett opp nye uthus som skal bidra til å skape eit meir innbydande og triveleg gardsrom enn slik rommet framstår i dag. Delar av uthusa er sett av til offentleg bruk i form av toalett, lager, teknisk rom og felles avfallsrom. Resten av uthusa er sett av til private funksjonar som privat lager, sykkelparkering og garasje. Dei to delane er skilt av ein hekk og ei lita portdør.

I funksjon og utforming forsøker prosjektet å utnytte potensialet til kvart av elementa, og på same tid ta hensyn til individuelle behov og restriksjonar tilknytta deira tilstand og historie. Prosjektet utnyttar også lokalt engasjement for å tilby eit breiare program, og imøtekomme lokale behov for ein fleksibel møteplass for mennesker i alle aldrar.

Situasjon





Mellomila

Skolegata

Hans Nissens gate

Situasjonsplan 1:1000





Ilsvika

Ilsdalen Park

Ilsaparken

Riksväg 706

Skansen

Ila

Prosjektet ligg i Ila i Trondheim. I likskap med Midtbyen og Bakklandet har Ila ein stor bygningsmasse av gamle trehus. Ein kan òg finne ei rekke større mursteinsgardar av ulik alder. Nokre av desse har vore del av Ila si industrihistorie og er i dag i bruk som bustadar og kontorlokale.

Ila har ei veldig attraktiv plassering med Byåsen i vest, Trondheimsfjorden i nord, Midtbyen i aust og Nidelva i sør. Med andre ord ligg tomte midt i smørauget, og vil vere attraktiv for veldig mange ulike program.

I tillegg til nærleik til storskala naturtilbod, kan nærområdet by på gode parkområder. Med Skansen i aust, Ilaparken i sør og Iladalen park i vest har området mange gode uteplassar for alle aldrar. Det er derimot få gode, innvendige, familievennlege møteplassar.

Til tross for dette er stemninga i Ila varm og triveleg. Innbyggjarane viser stort engasjement for nærmiljøet, og er flinke til å støtte opp om dei tilboda som finst i området.



Eit samskap i tre delar



Hovudkonseptet for dette prosjektet er eit samskap i tre delar. Med samskap meiner eg individuelle element som settast saman for å skape noko. Brødfabrikken, Gamle Ilen Skolehus og Gardsrommet er tre frittstående element som utfyller kvarandre. Kvar element har blitt designa basert på sine egne premissar og eigenskapar, og kan brukast separat. Det er derimot først når ein brukar dei tre elementa samla at dei kan nå sitt fulle potensiale.



A

C

B

A

Lager/
teknisk

K

K

K

C

B



Om Gamle Ilen Skolehus skulle ha fungert aleine, måtte ein ha gjort grep i bygningen som ikkje nødvendigvis hadde vore i bygningen si interesse. Ved å plassere våtrom utanfor huset unngår ein vassføringar inne i tømmerbygningen. Plasseringa av kjøkkenet i Fabrikken gjer også at ein unngår store ventilasjonssystem, og heller kan nytte seg av enklare løysingar.

Gardsrommet, slik det står i dag, er lite meir enn tilkomst til bygningane på tomte. Ved å knyte det til Brødfabrikken og Skolehuset kan Gardsrommet bli ein arena for uteservering, kultur og kursing.

Utan det utvida arealet i Skolehuset og Gardsrommet ville det meste av serveringsarealet i Fabrikken gått med til nødvendige fasilitetar som toalett, lager, teknisk rom og personalrom. Saman med dei andre elementa får bakeriet dermed ikkje berre fordelen av ekstra serveringsareale, men det gjer at bakeriet faktisk kan tilby skikkeleg serveringsareale. Som eit samskap kan dei nødvendige fasilitetane plasserast i rom som er beste eigna til slike formål, og dei andre romma kan utnyttast på ein måte som best utnyttar deira unike eigenskapar.




Lokalmiljøet i Ila er prega av ein brei demografi, og set ein saman dei tre elementa, vil prosjektet kunne glede alle aldersgrupper. Kanskje det er skuleelevar som avsluttar skuledagen med ein skillingsbolle, familiar som kjøper smørbrød for ein piknik i Ilaparken, studentar som vil ha ein alternativ lesepass eller eldre som møtast for kaffi og eit rundstykke i solveggen.

Det utvida arealet ein får når ein brukar Brødfabrikken, Skolehuset og Gardsrommet samla gjev også moglegheit til å utnytte lokalt engasjement til å arrangere ei rekke ulike aktivitetar. I Skolehuset kan ein møte vener på strikkekafé eller lære meir om lokalhistorie på eit seminar med Fortidsminneforeninga. I Gardsrommet kan ein delta på eit kurs i steinhogging med Nidaros Restaureringsverksteder eller nyte intimkonsert med Ila Blandemannskor ein sein sommarkveld. Alle desse aktivitetane vil kunne nytte seg av servering frå Brødfabrikken, og på denne måten kan samskapet mellom dei tre auke attraktiviteten og løfte opplevinga av kvart element.



Brødfabrikken og Skolehuset er ikkje kopla saman av interne overgangar. I staden må publikum nytte seg av den uklimatiserte svalgangen for å bevege seg mellom dei to. I tillegg er toaletta plassert i uthusa i Gardsrommet. Dette fører brukarane vidare ut og knyt saman ytterpunkta av prosjektet. På veg til og frå toaletta får publikum ta del i Gardsrommet. Det synleggjer både rommet i seg sjølv, samt dei aktivitetane og tilboda som finst der. På denne måten vil prosjektet sin tredelte natur skape uortodokse løysingar som her bidreg til å skape ein unik identitet og utfordrar brukarane sine forventningar til modernisering og bekvemmelegheit.



Brødfabrikken



Lager/teknisk


K

K

30



Brødfabrikken ligg i bygningen som i dag blir kalla Fabrikken. Steinovnsbakeriet ligg i eit tilbygg i sør som er sett på eit eksisterande platå i gardsrommet. Utvidinga av Fabrikken utnyttar dermed ei eksisterande romdeling i gardsrommet, og gjev ei betre utnytting av det som tidlegare blei oppfatta som ei udefinerbar mellomsone.




Persona/lager

Persona/lager




Fabrikken er i utgangspunktet ein liten bygning, og sjølv med utvidinga mot sør er det berre plass til eit avgrensa serveringsareale i andre etasje. Drifta vil derfor nytte seg av stovene i Gamle Ilen Skolehus som ytterlegare serveringsrom og personalrom, medan toalett, lager og teknisk rom er lagt til uthusa i Gardsrommet.



Det einaste som står igjen av verneverdige element i Fabrikken er sjølve murveggane. Dette gjev moglegheiter til større strukturelle endringar som kan betre opplevinga av rommet. For å gje meir lys til den ellers mørke bygningen, har eg sett inn takvindauge mellom dei eksisterande takbjelkane, samt fjerna delar av etasjeskiljet for å lage eit dobbelthøgt rom. Desse tiltaka skapar større tilknytning mellom dei to etasjane, og forsterkar og løftar brukaren si oppleving av bygningen.



Sjølv om Fabrikken ikkje har ei historie som bakeri, vil denne drifta vidareføre produksjonsfunksjonen bygningen har hatt opp gjennom historia. Tidlegare har bygningen hatt ei mykje høgare pipe, og gjennoppføringa av denne pipa vil tilbakeføre eit slåande arkitektonisk element som bidreg til å forsterke bygningen sitt industrielle preg. Den høge pipa vil vere synleg frå gata, og vil kunne fungere som ein ikonisk og usjenerande reklame for drifta i bygningen.




I tillegg til å vere eit slåande arkitektonisk element, vil den gjenoppbygde pipa nyttast til ventilering av ein ny steinovn. Ved å bruke den høge pipa vil den forlokkande lukta av bakverk spreiaast i nærmiljøet og ytterlegare trekke lokalbefolkninga til prosjektet.

Steinovnen vil også kunne vidareføre fellesskapet i Ila ved å tilby eit abonnement på Fellesovnen. Dette abonnementet gir lokalbefolkninga moglegheit til å bake sine egne brød i steinovnen, ved å levere ferdig deig i bakeriet.




Gamle Ilen Skolehus



Skolehuset sin primærfunksjon er å tene som serveringsareale for Brødfabrikken. Romdelinga i denne bygningen er annleis enn det ein vil finne i moderne bygningar i dag. Prosjektet har forsøkt å dyrke dei unike eigenskapane og stemningane som er å finne i denne bygningen. Fokuset i Skolehuset er derfor på kontrasten mellom dei intime, varme stovene, og den langstrakte, uklimatiserte svalgangen.

I seg sjølv er svalgangen eit sterkt arkitektonisk element og ei effektiv formidling av bygningen si historie. Det gamle tømmeret er eksponert, og dei mange bygningshistoriske spora som kan lesast i veggane vil i stor grad påverke opplevinga til brukaren. Svalgangen vil brukast av dei fleste som besøker tomta, og dei store veggoverflatene vil derfor vere ypparleg plassering for små utstillingar. Dette kan vere utstillingar som bidreg til auka interesse for historia til bygningane og lokalmiljøet, eller oppslag som promoterer aktivitetar og tilbod i lokalmiljøet.




Personal/lager

Personal/lager



Svalgangen er ein viktig del av den totale planløysinga og mogleggjer fleksibel bruk av prosjektet. Nesten alle romma i Skolehuset har utgang til svalgangen. Dette gjer det mogleg å leige ut enkeltrom utan at det skaper problem for bruken av dei øvrige romma. Svalgangen mogleggjer også fri bruk av heile Skolehuset utan at dette treng å hindre tilgangen til Brødfabrikken og Gardsrommet.

Hovudsirkulasjonen til heile prosjektet er sett i tilkopling til svalgangen, som ei utviding mot sør. Denne utvidinga fungerer også som ei kopling til andre etasje av Brødfabrikken, som ligg på eit høgare nivå enn andre etasje i Skolehuset.



Stovene i Skolehuset er sett i stand på ein måte som skal skape ei oppleving av varme og intimitet. Romma er relativt små med eit gjennomsnitt på rundt 20m², og interiøret er prega av tradisjonelle panel og fargekombinasjonar. Dette, saman med bilete og små utstillingar på veggane, bidreg til å formidle bygningen si historie og bakgrunn.

Stova lengst mot aust i første etasje skil seg ut frå dei andre stovene. Den er berre delvis klimatisert, og kan nyttast til røffare bruk. Skyvedør mot svalgangen og dør ut til portrommet gjer det mogleg å opne opp slik at stova kan bli del av det uklimatiserte rommet. Denne effekten er forsterka av at steingolvet i svalgangen er drege inn i stova. På denne måten blir steinstova eit fleksibelt rom som kan nyttast til aktivitetar som treng skikkeleg gjennomlufting, eller som ei varm serveringsstove med vedfyrt omn.



Gardsrommet



A

C

B

A

Lager/
teknisk

K

K

C

B



Gardsrommet er todelt mellom offentleg og privat sone. Den private delen av gardsrommet består av gardsplassen i sørvest og inngangspartiet til murgarden i søraust. Desse to delane er skilt av ein tilkomststi frå Skolegata som kan nyttast til både privat og offentleg bruk. Den private gardsplassen er ytterlegare skilt frå den offentlege sona ved hjelp av ein hekk langs tilkomststien. Denne hekken skjermar mot innsyn, og på same tid tilfører den noko grønt til eit gardsrom som ellers er prega av mykje stein.

Den private sona er også skilt frå den offentlege ved hjelp av høgdeforskjellar. Gardsrommet mellom Fabrikken og murgarden ligg ein halv meter lågare enn gardsplassen og inngangspartiet. På denne måten blir inngangen til murgarden skilt frå den offentlege sona på ein måte som tillèt bebruarane å ta del i det som skjer i Gardsrommet, men som tydeleggjer for brukarane av Gardsrommet at dette ikkje er del av det offentlege rommet. Tilføyinga av eit gjerde langs kanten forsterkar denne effekten.



Uthusa som står på tomta i dag er slitne og lite attraktive. Prosjektet tar derfor utgangspunkt i å erstatte desse uthusa med nye bygningar. Sjølv om prosjektet berre nyttar seg av delar av uthusa, vil eit heilskapleg og forseggjort design for heile bygningsmassen kunne ha stor effekt på opplevinga av Gardsrommet.

Ettersom prosjektet plasserer toaletta i uthusa, kan dette også gje moglegheit for vassføring i resten av uthusa. På denne måten kan uthusa nyttast til meir enn berre grunnleggande skur og garasjar, og auke attraktiviteten til gardsplassen som ein privat opphaldsstad.

Gardsrommet slik det nyttast i prosjektet, er rommet som ligg mellom Fabrikken og murgarden. Rommet har eit tydeleg preg av vertikalitet med sitt smale grunnriss og uendelege høgde. Utvidinga av svalgangen bygger over delar av dette rommet. Denne balkongen tilbyr ekstra areal til uteservering, men vil også kunne nyttast som ei scene for intimkonsertar eller andre små kulturelle innslag. Uansett bruk gjev utvidinga av svalgangen variasjon i dei romlege kvalitetane, og aukar fleksibiliteten til Gardsrommet.

